



SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	19.10.2011	113/11
Kommunestyret	14.11.2011	051/11

Avgjerd av: Kommunestyret	Objekt:	Arkivsaknr.:
Saksbehandlar: Bjørn Aurlien	Arkiv: S11	09/1252- 38

Breim Kraftverk - uttale til konsesjonssøknad

Ingen vedlegg.

Frå tidlegare behandling av saka:

Bakgrunn for saka:

Breim Kraft AS har søkt om konsesjon for utbygging av Breim kraftverk. NVE har sendt søknaden på høring.

Saksutgreiing:

Nedanfor følgjer eit samandrag av dei opplysningane som rådmannen meiner er viktigast for å få eit inntrykk av utbyggingsplanane. Søknaden er svært omfattande, då dette er eit stort anlegg som det er utarbeidd konsekvensutgreiing for, med i alt sju omfattande fagrapportar i tillegg til sjølv konsesjonssøknaden. Det kan difor hende at søkjar eller andre meiner element frå konsesjonssøknaden i denne gjennomgangen skulle vore vektlagt på ein annan måte, eller at enkeltelement som ikkje er referert skulle vore teke med i saksframstillinga. For den fullstendige oversikten viser rådmannen difor til konsesjonssøknaden med vedlegg.

Kraftutbyggingsplanane gjeld Storelva i Breim, og utnyttar fallet frå Høylo på kt. 125 til Breimsvatnet på kt. 61. Inntaket er tenkt bygd som ein 70 meter brei og 1-1.5 meter høg lausmasse/natursteinsterskel i elvelaupet, med eit inntaksbasseng på sørsida av elva. Bassenget/inntakskanalen blir om lag 120 meter lang, og ender i ein inntakskonstruksjon av betong. Frå inntaksbassenget fører ein sprengt trykktunnel med tverrsnitt 40-45m² (tilsv. 7-7.5 meter i diameter) til kraftstasjonen som er tenkt plassert i Seimestranda, om lag 1.3 km sør for elva sitt naturlege utløp. Her er det utgreia to alternativ, kraftstasjon i fjell eller i dagen, der søkjar meiner alternativet i fjell vil vere det beste. Ved kraftstasjon i fjell er det planlagt dykka utløp 5-15 meter under overflata i Breimsvatnet, medan det for alternativet i dagen vil bli ein kort utløpskanal som leder vatnet ut i overflata. Trykktunnelen vil bli om lag 4.1 km lang.

Ulike alternativ for slukeevne og minstevassføring har vore vurdert, og det er valt å søkje om utnytting av inntil 60m³/s med minstevassføring i elva på 6 m³/s frå 1.mai til 1.september og 1 m³/s elles i året. Vassføringa ved elveosen vil bli noko større på grunn av tilførsel av vatn på strekninga nedanfor inntaket. Middelvassføring ved inntaket er 27,3 m³/s og alminneleg lågvassføring er 2,6m³/s. Det er sett på vassføringsdata for åra 1996, 2008 og 2005 som er definert som hhv. tørt, middels og vått år. Med eit kraftverk som omsøkt i drift ville elva i 1996 hatt vassføring over minstevassføring i 21 dagar, medan kraftverket ville stått utan produksjon på grunn av for lita vassføring i elva i 93 dagar. Tilsvarande tal for 2008 ville vore 43 og 0, medan tala for 2008 ville vore 65 og 8. Installert effekt i kraftstasjonen er planlagt til 32MW, og det er stipulert ein årsproduksjon på 98GWh, som fordelar seg med 30GWh

vinterkraft og 68GWh sommarkraft. Det er planlagt tersklar i elva på dei nedste 7-800 metrane (strekninga som er synleg frå Seime bru) for å kompensere for redusert vassføring i elva.

Det er sett på ulike alternativ for nettilknytning. Hovudalternativet er nedgravd jordkabel først langs fylkesvegen og så langs 22kV-kabelen som går frå Reed til Kandal fram til Reed trafostasjon. Det må installast eit nytt 22kV linjefelt i trafostasjonen. Det andre alternativet som er omsøkt er opptransformering til 132kV og påkopling til linja Reed – Skei som går i lia ovafor kraftverket. Uansett er det ikkje kapasitet i overordna nett før 420kV-linja Ørskog – Fardal er på plass. Statnett planlegg å ha denne i drift i 2015, og Breim kraftverk vil ikkje vere klart før den tid.

Breim Kraft AS er 100% eigd av grunneigarar som har fallrett i elva. Gloppen kommune er ein av dei 32 grunneigarane som har inngått fallrettsavtale. 2 grunneigarar er sterkt imot tiltaket, og har ikkje inngått avtale. Det blir søkt om ekspropriasjon av fallretten som desse to grunneigarane disponerer (om lag 1%), og det må også ervervast grunn for legging av kabel over desse eigedomane. Truleg må det også eksproprierast areal i kraftstasjonsområdet for vegtilkomst til tunnelen. Jordskifteverket er engasjert for å avklare endeleg fordeling av fallrettane.

Utbygginga inneber eit masseoverskot som er anslått til 350 000m³ sprengstein. Det er antydning at om lag 30% kan bli brukt til ulike tiltak lokalt, som vegutbetring, småbåthamn, anlegg av nye / utbetring av eksisterande jordbruksareal. Det vil då vere behov for deponering av om lag 250 000m³, og dei ønskjer å bruke Breimsvatnet rett utanfor kraftstasjonsområdet som massedeponi.

Det må byggast ein om lag 800 meter lang anleggsveg frå fv. 694 i Seimsstranda opp til påhogg for svingetunnelen. Alternativt kan svingetunnelen drivast frå innsida. Det blir også ein 500 meter lang permanent tilkomstveg frå fv. 695 ned til terskel, inntak og riggområde ved Høylo. Det vil vidare bli bygd portalbygg med låsbar port både til svingetunnel og tilkomsttunnel til kraftstasjonen. Desse vil ligge i fjellskjæring, og vil ikkje bygge over naturleg terreng. Hovudriggområdet er plassert på dyrka mark nær inntaket, og vil i anleggsfasen legge beslag på om lag 20 dekar. Anleggstida er stipulert til om lag 3 år.

Det er utarbeidd konsekvensutgreiing for tiltaket. Skjema med oppsummering av konsekvensar er vedlagt. Eigne fagrapportar er utarbeidd for dei viktigaste fagområda. Det blir ikkje gjort nærare greie for detaljane i desse utgreiingane her.

Eit alternativ med kraftstasjon 50 meter nedstrøms Seime bru er utgreia men forkasta på grunn av høge kostnader, store tekniske utfordringar og omfattande anleggsarbeid nær bebyggelse. Ulike alternativ for kraftstasjon ovafor Seime bru skal vere vurdert, men er ikkje skikkeleg utgreidd då dei både av økonomiske og miljømessige årsaker er vurdert som uaktuelle. For den vassmengda det her er snakk om vil nedgreven rørgate innebære omfattande terrenginngrep i anleggsfasen, og svært mykje høgare kostnader enn tunnelalternativet.

Økonomiske konsekvensar:

Utbyggingskostnadene er stipulert til 336mill., som gir ein utbyggingspris på 3,42 kr/kWh. Det er berekna inntekter til kommunen på 3,2mill i anleggsfasen og 1,7mill årleg i driftsfasen, i hovudsak i form av eigedomsskatt. I tillegg eventuelle effektar av betra privatøkonomi for grunneigarane.

Rådmannen si vurdering:

Kommunestyret har vedteke følgjande retningslinjer for kommunen si behandling av søknader om småkraftverk:

Gloppen kommunestyre er positive til at det kan byggast ut småkraftverk i kommunen. Før kommunestyret tek avgjer til den einskilde søknad skal kommunestyret vurdere:

- *Visuelt inntrykk etter utbygging*

- *Innverknad på det tradisjonelle landbruket (resipient, flaum m m)*
- *Tilhøvet til anna næring (t. d turistnæring, utmarksnæring)*
- *Naturinngrep ved utbygging*
- *Den samla utbygging i området*
- *Kraftlineføring*
- *Kor stor del av vassdraget som er tenkt utnytta*
- *Økonomi*
- *Eigarskap*

Det vil normalt ikkje bli tilrådd utbygging i område som det allereie er lagt vernestriksjonar på.

Nå er omsøkt Breim kraftverk slett ikkje eit småkraftverk, men retningslinene kan likevel vere eit utgangspunkt også for vurdering av denne søknaden. Rådmannen vil difor i det følgjande gå gjennom momenta punkt for punkt:

1. Visuelt inntrykk etter utbygginga

Slik rådmannen ser det er det tre hovudutfordringar i forhold til det visuelle:

- Redusert vassføring, spesielt i elveosen
- Anlegga i den aktuelle teigen i Seimestranda
- Massedeponering

Vassføring:

Den visuelle verknaden av redusert vassføring er delvis kompensert med forslag til minstevassføring, og vil i nedste delen ytterlegare kunne kompensast ved bygging av tersklar. Elva har også i dag stor variasjon i vassføring, men er berre unntaksvis nede i eller under foreslått minstevassføring. Elva blir på ingen måte tørrlagt, men vil nok opplevast som "temt". Kor ille dette er for det visuelle inntrykket av elva, kan det sjølvsagt vere delte meiningar om.

Seimestranda:

Rådmannen håper konsulentane har betre kontroll på andre delar av prosjekteringa enn skissert anleggsveg oppover lia i Seimestranda til påhugg for svingetunnelen. Her har dei brukt kart med feil målestokk, slik at vegen som i teksten er omtalt som 800meter lang er teikna 400 meter lang. Vidare er følgjande sitat frå landskapsrapporten interessant:

Terrenget har i området for de største fysiske inngrepene, adkomstveg og eventuelt kraftstasjon med nedkjørsel og trafo en stigning på 1:3,5. Dette tilsier at det er vanskelig å tilpasse større inngrep og at inngrepene vil gi sår i landskapet i form av store skjæringer.

Det reelle er altså at terrenget er dobbelt så bratt som konsulenten antyder, altså brattare enn 1:2 eller om lag 30°. Rådmannen er usikker på korleis ein såpass graverande feil har verka inn på innhaldet i rapportane. Konsulenten har på e-post poengtert at anlegget ikkje er detaljprosjekttert, og at ein må rekne med ein del mindre justeringar. Rådmannen meiner likevel det er grunnleggjande også i utrednings- og søknadsfasen å bruke rett kartgrunnlag.

Skissert alternativ der svingetunnelen blir drive frå innsida bør uansett vere interessant med tanke på å avgrense samla terrenginngrep i dette området. Dersom det blir kraftstasjon i fjell, og svingetunnel utan vegtilkomst, blir naturinngrepa og det visuelle inntrykket i hovudsak avgrensa til massedeponering. Den aktuelle teigen er klassifisert som blandingsskog med særskilt høg bonitet, noko som bør kunne indikere at terrenginngrep relativt fort etter ei utbygging i alle fall delvis vil kunne bli skjerma av naturleg vegetasjon.

Massedeposering:

I følge utredningsprogrammet skal ”planlagte områder for deponering av masse visualiseres og merkes av på kart”.

Det er skissert på grovt kartgrunnlag moglege areal for massedeposering på land, og det er nemnt at masse kan brukast til udefinert vegutbetring og småbåthamner. Punktet er forholdsvis lausleg utgreidd. Rådmannen tolkar det slik at det som blir teke ut frå inntakssida er tenkt deponert i dette området, medan største delen som blir teke ut frå kraftstasjonssida er tenkt deponert i vatnet. Under synfaring vart det påvist ein del jordbruksareal ned mot elva ved inntaket som med fordel kan hevast for å betre produksjonsforholda. Rådmannen er samd i at dette kan vere ein mogleg fornuftig bruk av masse, men meiner punktet om massehandtering generelt er for dårleg utgreidd. Dersom det skulle bli gitt konsesjon til utbygginga, bør det vere interessant for kommunen og/eller vegvesenet å vurdere om her er vegutbetringar som bør gjerast i området der det er behov for rimeleg fyllmasse.

Dumping av stein i vatnet er etter rådmannen sitt syn dårleg utnytting av ein ressurs, sjølv om det isolert sett med tanke på det visuelle inntrykket etter utbygginga kan vere greitt nok. Det har vel også vore antyda av NVE at dette er ei lite ønskt løysing. Eg saknar også ei grundigare analyse av denne fyllinga. Kor bratt er terrenget under vassflata? (stabilitet av fylling) Er fyllinga planlagt i nivå med vegen ca. 10 meter over vassflata, eller i høgde med vassflata og kor langt ut i vatnet vil den gå? Eg er usikker på kor stort problem steinstøv i vatnet vil vere, då det sikkert er mogleg å ha ein viss kontroll på dette i anleggsfasen. Giftstoff på grunn av sprengstoffrestar i massane som er planlagt fylt i vatnet synest derimot dårleg utgreia. Visualiseringa er fråverande, og rådmannen er ikkje nøgd med måten dette særskilt viktige punktet er handtert på.

2. Innverknad på det tradisjonelle landbruket (resipient, flaum m.m.)

At vatn blir teke frå elva vil føre til at flaumar blir noko redusert og at elva blir ein dårlegare resipient på strekninga mellom inntak og kraftstasjon. Massedeposering er skissert å kunne gi betre arrondering av eksisterande jordbruksareal og/eller opparbeiding av nytt, og vil slik kunne vere positivt for landbruket. Utbygginga er vel forventa å gi inntekter til grunneigarane, og vil slik kunne styrke inntektsgrunnlaget på gardane. Korleis dette på sikt slår ut for landbruket, er likevel ikkje lett å forutsjå.

3. Tilhøvet til anna næring (t.d. turistnæring, utmarksnæring)

Her er fiskeinteresser i elva, men kor stor næringsmessig betydning desse har kan heilt klart diskutast. Fagrapporten som er utarbeidd konkluderer med at utbygginga heller vil vere positiv enn negativ for fiskebestanden i elva, med unntak av fiske etter stor aure ved osen. Det negative i forhold til fiske i elva vil først og fremst vere at ein ikkje lenger har følelsen av å fiske i ei stor elv. Rådmannen trur konsekvensane for turisme på grunn av kraftutbygging vil vere heilt marginale, kanskje med unntak av for Reed camping.

4. Naturinngrep ved utbygginga

Dette er kommentert under pkt. 1.

5. Den samla utbygginga i området

Søklar peiker på at dei ulike utbyggingane i Breimsvassdraget ligg i ulike landskapsrom og difor ikkje visuelt påverkar kvarandre i særleg grad. Sumeffekten vil vere størst for folk som ferdast mykje rundt, og særleg gjeld dette dei som driv med elvepadling dersom fleire omsøkte prosjekt i aktuelle elver blir realisert. I innspel til utredningsprogrammet oppmoda formannskapet om at samla verknad på vasstemperatur og istilhøve vart vurdert, men dette er ikkje spesielt omtalt. Det er presisert at det ikkje finst god metodikk for å vurdere samla verknad av mange tiltak over eit større geografisk område. Rådmannen er samd i at dette ikkje er det enklaste

punktet å vurdere. Det er heller ikkje gitt klare signal frå kommunestyret om kva som skal til for at det samla blir for mykje utbygging innafor eit geografisk område.

6. Kraftlinjeføring

Det einaste som reelt er utgreidd er 22kV jordkabel som også var varsla i førehandsmeldinga. 22kV kabel lagt i vatnet fram til kabelen frå Kandal ”går på land”, som rådmannen peikte på i uttale til utredningsprogrammet, er ikkje vurdert. Ny 22kV luftlinje er vurdert men ikkje omsøkt, då dei meiner dette vil vere meir konfliktfyllt enn kabel. Det andre omsøkte alternativet som er 132kV jordkabel opp den stupbratte lia til linja Skei – Reed synest svært lite realistisk. Alternativet er ikkje skikkeleg utgreidd, men rådmannen si oppfatning er at det vil vere store terrenginngrep og tekniske utfordringar med ein slik kabeltrase. Rådmannen meiner framleis at eit alternativ med 22kV kabel i Breimsvatnet burde vore utgreidd, mellom anna for å redusere inngrepa på dei eigedomane som er i mot tiltaket.

7. Kor stor del av vassdraget som er tenkt utnytta

Det er planlagt å nytte 2,2 gongar middelvassføring i kraftverket, og som det går fram av orienteringa tidlegare vil det i eit normalår føre til at det i størstedelen av året berre går minstevassføring i elva. Rådmannen er i tvil om minstevassføringa særleg frå 1. oktober til 1. mai er stor nok. Det bør vurderast om denne bør aukast generelt eller om perioden med sommarvassføring bør utvidast. Vidare er dette eit spesielt prosjekt ved at også vassføringa i elveosen er redusert. Manglande utgreiing av alternativ som sparar elveosen er kommentert nedanfor.

8. Økonomi

Utbyggingskostnadene er relativt høge, og det er ikkje lagt fram vurderingar av kor lønsamt prosjektet er forventa å vere for utbyggar. Det er vist berekningar av kommunal skatteinngang på grunn av utbygginga, som pålagt i utredningsprogrammet. Dette er i hovudsak knytt til eigedomsskatten, då andre skatteinntekter inngår i inntektsutjamningssystemet mellom kommunane, og difor vil gi lite reelt utslag.

Det har den siste tida vore ein del fokus på at kraftutbyggingar utan reguleringsmagasin og med installert effekt over 5,5MW på grunn av reglane for skattlegging, og då særleg grunnrenteskatten, er vanskelege å få lønsame for utbyggar. Sidan økonomiske forhold er eit vesentleg argument for val av utbyggingsløyising, hadde det vore svært interessant å vite korleis dette er forventa å slå ut for denne utbygginga.

9. Eigarskap

100% lokalt eigarskap styrkjer saka. Grunneigarar med fallrett som går i mot tiltaket svekkar saka.

10. Vern

Det er ikkje vernerestriksjonar på dette området, og heller ikkje registrerte automatisk freda kulturminne som bli påverka av tiltaket.

Manglande utgreiing:

Søklar er pålagt å utgreie fullt ut eit (eller fleire) alternativ for plassering av kraftstasjon oppstrøms Seime bru. Det er då vanskeleg å forstå at dei i staden har valt å utgreie eit urealistisk alternativ nedstrøms Seime bru, bortsett frå at det var i dette området dei alt hadde seismiske undersøkingar. Rådmannen kan ikkje sjå at det er godgjort i søknaden at kraftstasjon oppstrøms Seime bru ikkje er teknisk eller økonomisk realiserbart, berre at det alternativet søklar hadde tenkt på i utgangspunktet rett opp for brua blir for dyrt og/eller teknisk krevjande. Det går fram av dokumenta i saka at dei geologiske undersøkingane som er grunnlaget for å vurdere ulike løyisingar er laga før utredningsprogrammet vart fastlagt. Det ser ikkje ut til å vere gjort grunnundersøkingar med tanke på plassering av kraftstasjon lenger

opp i elva enn ved Seime bru. Rådmannen har registrert synspunkt frå andre som går på at det er fjell i dagen nær elva lenger oppe, slik at ein skulle tru det var mogleg å kome ut med ein tunnel ein annan plass. Rådmannen er sjølvstekt klar over at dette både vil redusere fallet og føre til at nokre grunneigarar fell utafor utbygginga, men ser ikkje det som gode nok argument for ikkje å følgje opp det som er pålagt i utredningsprogrammet.

Konklusjon:

Rådmannen kan ikkje tilrå at kommunen gir positiv uttale til søknad om konsesjon for Breim kraftverk på det grunnlaget som ligg føre. Dei største ankepunkta er manglande dokumentasjon på at alternativ plassering av kraftstasjon ovapå Seime bru er tilfredsstillande utgreidd, og for lausleg utgreiing av terrenginngrepa i Seimestranda, inkl. handtering av overskotsmasse.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Gloppen kommunestyre meiner søknaden om konsesjon for bygging av Breim kraftverk er mangelfull, og må difor på det grunnlaget som nå ligg føre gå mot konsesjonssøknaden. Søknaden kan bli vurdert annleis dersom følgjande tilleggsutgreiingar vert gjennomført:

1. Det skal utgreiast eit eller fleire utbyggingsalternativ med plassering av kraftstasjon ein eller annan stad ovafor Seime bru, på nord- eller sørsida av elva, slik utbyggjar er pålagt i utredningsprogrammet. Alternativt må det dokumenterast på fagleg forsvarleg grunnlag at grunnforholda på elvestrekninga er slik at omsøkt alternativ er det einaste moglege.
2. Det skal dokumenterast og visualiserast korleis masseoverskotet kan nyttast utan dumping i Breimsvatnet. Massedeponi der steinen vil vere tilgjengeleg for samfunnsgagnlege formål bør utgreiast.
3. Dersom søkjar sitt hovudalternativ blir vidareført, må kartskisser og omtale av området i Seimestranda oppdaterast slik at det stemmer med terrenget.

I tillegg ønskjer kommunestyret at alle sider ved økonomien i prosjektet inngår i orienteringa frå utbyggjar.

24.08.2011 TEKNISK, LANDBRUK OG KULTURUTVALET

Framlegg frå **Svein Petter Tveit (SV)**:

Saka blir utsett til utvalet har hatt synfaring.

053/11 VEDTAK:

Framlegger frå Svein Petter Tveit vart samrøystes vedteke.

25.08.2011 FORMANNSKAPET

Kari Jordanger gjekk frå som ugild i saka i medhald av forvaltningslova § 6, 1. ledd, bokstav a.

Framlegg frå **Hege Lothe (SV)**:

Saka blir utsett i påvente av synfaring.

084/11 VEDTAK:

Framlegget frå Hege Lothe vart samrøystes vedteke.

Det var semje om at synfaringa skal haldast i samband med konstituerande kommunestyremøte den 26. september 2011.

Nye opplysningar i saka:

Synfaringa vart gjennomført som planlagt den 26. september 2011.

Etter at saka var føre i teknisk, landbruk og kulturutvalet (for uttale etter friluftsløva) den 24. august i år og i formannskapet den 25. august i år, har kommunen motteke kopiar av fleire merknader til planane – sendt til Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE).

Desse merknadene er sjølvsagt ikkje omtala eller lagt til grunn for den utgreiinga som rådmannen har lagt fram.

Saksutgreiing:

Rådmannen legg saka fram med same utgreiing og tilråding som til møta den 24. og 25. august i år.

Rådmannen si vurdering:

Før formannskapet gjev endeleg innstilling til kommunestyret i saka bør uttalen frå kultur- og miljøutvalet vere klar. Det er no dette utvalet som skal handtere saker etter friluftsløva.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Gloppen kommunestyre meiner søknaden om konsesjon for bygging av Breim kraftverk er mangelfull, og må difor på det grunnlaget som nå ligg føre gå mot konsesjonssøknaden. Søknaden kan bli vurdert annleis dersom følgjande tilleggsgutgreiingar vert gjennomført:

1. Det skal utgreiast eit eller fleire utbyggingsalternativ med plassering av kraftstasjon ein eller annan stad ovafor Seime bru, på nord- eller sørsida av elva, slik utbygger er pålagt i utredningsprogrammet. Alternativt må det dokumenterast på fagleg forsvarleg grunnlag at grunnforholda på elvestrekninga er slik at omsøkt alternativ er det einaste moglege.
2. Det skal dokumenterast og visualiserast korleis masseoverskotet kan nyttast utan dumping i Breimsvatnet. Massedeponi der steinen vil vere tilgjengeleg for samfunnsgagnlege formål bør utgreiast.
3. Dersom søker sitt hovudalternativ blir vidareført, må kartskisser og omtale av området i Seimestranda oppdaterast slik at det stemmer med terrenget.

I tillegg ønskjer kommunestyret at alle sider ved økonomien i prosjektet inngår i orienteringa frå utbygger.

05.10.2011 FORMANNSKAPET

Kari Jordanger (Sp) gjekk frå som ugild i medhald av § 6, 1a forvaltningslova.

104/11 VEDTAK:

1. Formannskapet ber om ei oppdatert liste over merknader som er komne inn til kommunen i saka fram til den blir behandla i formannskapsmøtet 19. oktober. Dette gjeld også innspela som er komne frå dei politiske partia i kommunestyret.
2. Formannskapet ønskjer å byggje fleire element inn i uttalen:
 - krav til høgare minstevassføring enn det som no ligg føre
 - krevje utgreiing av andre alternativ der vatnet blir ført attende til elva
 - alternativ plassering av kraftstasjonen
 - alternativ bruk av deponerte massar – ei vurdering av den økonomiske effekten av å selje massane bør inn i budsjettet til prosjektet.
3. I tillegg ber formannskapet rådmannen klargjere Gloppen kommune si rolle i sjølve utbygginga: eigarinteresser, aktiv eller deltaking i selskapet. Dette må kome som sak på eit seinare tidspunkt.

Vedtaket var samrøystes.

Nye opplysningar i saka:

Lista over innkomne merknader som formannskapet ber om i pkt 1 i f-sak 104/11 ser slik ut:

- Sogn og Fjordane Turlag
- Statens vegvesen
- ”Nei til kraftverk på Seime”
- Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane
- Norges Jeger- og Fiskerforbund Sogn og Fjordane
- Samfunnsdemokratane
- Mountainfjord
- Mountainfjord
- Per Jonny Moldestad og Kjetil Mork (kommentar til kommunen si saksutgreiing)
- Gloppen kommune (merknad til kommentaren)
- Multiconsult AS (kommentar til merknaden til kommentaren)
- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
- Peder Seime (rapport frå NIVA)
- Sogn og Fjordane skogeigarlag
- Sogn og Fjordane Turlag
- Adv. Lothe og Mardal (på vegne av grunneigarar på Seime)
- Breim Bygdeutviklingslag
- Breim vilt- og fiskelag
- Gloppen Høgre.

Det kan også ligge føre merknader som er sendt til NVE utan kopi til kommunen.

Rådmannen si vurdering:

Rådmannen si saksframstilling og vurdering går fram av tidlegare behandling av saka.

Rådmannen gjer merksam på at kultur- og miljøutvalet skal uttale seg i saka med omsyn til friluftinteressene på eit ekstraordinært møte den 18. oktober i år.

Rådmannen si tilråding er som før.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Gloppen kommunestyre meiner søknaden om konsesjon for bygging av Breim kraftverk er mangelfull, og må difor på det grunnlaget som nå ligg føre gå mot konsesjonssøknaden. Søknaden kan bli vurdert annleis dersom følgjande tilleggsutgreiingar vert gjennomført:

1. Det skal utgreiast eit eller fleire utbyggingsalternativ med plassering av kraftstasjon ein eller annan stad ovafor Seime bru, på nord- eller sørsida av elva, slik utbyggar er pålagt i utredningsprogrammet. Alternativt må det dokumenterast på fagleg forsvarleg grunnlag at grunnforholda på elvestrekninga er slik at omsøkt alternativ er det einaste moglege.
2. Det skal dokumenterast og visualiserast korleis masseoverskotet kan nyttast utan dumping i Breimsvatnet. Massedeponi der steinen vil vere tilgjengeleg for samfunnsgagnlege formål bør utgreiast.
3. Dersom søkjar sitt hovudalternativ blir vidareført, må kartskisser og omtale av området i Seimestranda oppdaterast slik at det stemmer med terrenget.

I tillegg ønskjer kommunestyret at alle sider ved økonomien i prosjektet inngår i orienteringa frå utbyggar.

19.10.2011 FORMANNSKAPET

Kultur- og miljøutvalet sitt vedtak i saka frå 18. oktober 2011, sak 7/11, vart lagt fram. Vedtaket lyder slik:

Kultur- og miljøutvalet kan ikkje med grunnlag i friluftsløva tilrå konsesjon frå Breim Kraftverk om utbygging av Storelva i Breim slik søknaden ligg føre.

Utvalet meiner at friluftsiinteressene og friluftssopplevingane knytt til elva for fastbuande glopparar og tilreisande vil verte sterkt svekka. Redusert vassføring vil gjere naturopplevinga mindre og redusere det visuelle inntrykket av elveosen. Den reduserte vassføringa vil sannsynlegvis endre straumforholda nedanfor osen, noko som kan gje utslag for fiske ved elveosen. Fiskeplassane ved utløpet av elva og i elveosen er ein flott friluftssressurs for bygda i dag. Desse fiskeplassane, slik vi kjenner dei i dag, vil truleg bli dårlegare. Utbyggjar har ikkje gjort avbøtande tiltak for å imøtekomme desse friluftsiinteressene.

Kultur- og miljøutvalet ber om at desse tilhøva blir utgreia nærare:

- alternativ med plassering av stasjon og utløp ovanfor eller nær Seime bru, på nord- eller sørsida av elva. Eit slikt alternativ vil verne om viktige kvalitetar ved elveosen i Storelva
- større minstevassføring i Storelva. Tilgangen til og langs elva må minst gjerast like god som i dag
- konsekvensane av ei utbygging for naturmangfald, naturopplevingar og naturbasert næringsliv
- korleis masseoverskotet kan utnyttast utan at dette blir til hinder for friluftsiinteressene.

Vedtaket var samrøystes.

Framlegg frå **ordføraren**:

Gloppen kommunestyre er positive til utnytting av kraftressursane i Storelva i Breimsvassdraget. Planane oversende frå NVE viser eit anlegg med ein middelproduksjon på 98 GWh. Planlagd installert effekt er 32 MW. Eit slikt anlegg vert det største kraftverket i Gloppen, og utbygginga vil styrke inntektsgrunnlaget for mange gardsbruk. Samstundes vil kommunestyret peike på verdiane som ligg i vassdraget i dag. Det er difor ekstra viktig at alle sider ved planane vert grundig utgreia i samband med søknad om konsesjon.

Kommunestyret kan med det grunnlaget som no ligg føre, ikkje støtte utbygging. Dersom følgjande nye utgreiingar vert gjennomført, kan søknad verte vurdert annleis:

1. Utgreiing av alternativ med plassering av stasjon og utløp ovanfor eller nær Seime bru, på nord- eller sørsida av elva. Dette er utbyggjar også pålagt i utredningsprogrammet. Eit slikt alternativ vil verne om viktige kvalitetar ved elveosen i Storelva
2. Alternativt må det dokumenterast på fagleg forsvarleg grunnlag at grunnforholda på elvestrekninga er slik at omsøkt alternativ er det einaste mogelege
3. M.a. på grunn av Storelva sin funksjon som fiskeelv og resipient må det utgreiast større minstevassføring enn ved det omsøkte alternativet
4. Konsekvensane av ei utbygginga for naturmangfald, naturopplevingar og naturbasert næringsliv må vurderast nærare og med større detaljeringsgrad enn i motteken søknad
5. Det må dokumenterast og visualiserast korleis masseoverskotet kan nyttast utan dumping i Breimsvatnet. Massedeponi der steinen vil vere tilgjengeleg for samfunnsganglege formål, bør utgreiast. Plan for transport av tunnelmasse må leggest fram
6. Breimsvatnet er drikkevasskjelde for Reed-området. Dokumentasjon på at kvaliteten på drikkevandet ikkje vert forringa i samband med utbygging, må leggest fram
7. Dersom søkjar sitt hovudalternativ blir vidareført, må kartskisser og omtale av området i Seimestranda oppdaterast slik at det stemmer med terrenget.

Framlegg frå **Per Jarle Myklebust (Sp)**:

Som ordføraren sitt framlegg, men med desse endringane:

Siste avsnittet før dei nummererte punkta blir endra til: Kommunestyret ynskjer å få følgjande nye utgreiingar før ein tar endeleg avgjerd om tilråding til konsesjonssøknaden.

Pkt 5 skal lyde:

Det må dokumenterast og visualiserast korleis masseoverskotet kan nyttast utan dumping i Breimsvatnet.

Framlegg frå **Arnfinn Brekke (Krf)**:

Som ordføraren sitt framlegg, men punkt 7 av dei nummererte punkta skal strykast.

Det vart røysta slik:

1. Framlegget frå Arnfinn Brekke: samrøystes vedteke.
2. Framlegget frå Per Jarle Myklebust:
 - Endringa av pkt 5 fekk tre røyster og fall
 - Endringa av siste avsnitt før dei nummererte punkta var vedteken med fem røyster.

Formannskapet si innstilling blir då:

113/11 VEDTAK:

Gloppen kommunestyre er positive til utnytting av kraftressursane i Storelva i Breimsvassdraget. Planane oversende frå NVE viser eit anlegg med ein middelproduksjon på 98 GWh. Planlagd installert effekt er 32 MW. Eit slikt anlegg vert det største kraftverket i Gloppen, og utbygginga vil styrke inntektsgrunnlaget for mange gardsbruk. Samstundes vil kommunestyret peike på verdiane som ligg i vassdraget i dag. Det er difor ekstra viktig at alle sider ved planane vert grundig utgreia i samband med søknad om konsesjon.

Kommunestyret ynskjer å få følgjande nye utgreiingar før ein tar endeleg avgjerd om tilråding til konsesjonssøknaden.

1. Utgreiing av alternativ med plassering av stasjon og utløp ovanfor eller nær Seime bru, på nord- eller sørsida av elva. Dette er utbyggjar også pålagt i utredningsprogrammet. Eit slikt alternativ vil verne om viktige kvalitetar ved elveosen i Storelva
2. Alternativt må det dokumenterast på fagleg forsvarleg grunnlag at grunnforholda på elvestrekninga er slik at omsøkt alternativ er det einaste mogelege
3. M.a. på grunn av Storelva sin funksjon som fiskeelv og resipient må det utgreiast større minstevassføring enn ved det omsøkte alternativet
4. Konsekvensane av ei utbygginga for naturmangfald, naturopplevingar og naturbasert næringsliv må vurderast nærare og med større detaljeringsgrad enn i motteken søknad
5. Det må dokumenterast og visualiserast korleis masseoverskotet kan nyttast utan dumping i Breimsvatnet. Massedeponi der steinen vil vere tilgjengeleg for samfunnsganglege formål, bør utgreiast. Plan for transport av tunnelmasse må leggjast fram
6. Breimsvatnet er drikkevasskjelde for Reed-området. Dokumentasjon på at kvaliteten på drikkevatnet ikkje vert forringa i samband med utbygging, må leggjast fram

Innstillinga var samrøystes.

14.11.2011 KOMMUNESTYRET

Bernt Reed og Kari Jordanger gjekk frå som ugilde i saka i medhald av § 6, 1. ledd bokstav a i forvaltningslova.

Framlegg frå **Sjur Atle Austrheim (H)**:

Gloppen kommunestyre er positivt til utnytting av kraftressursane i Storeelva Breimsvassdraget. Planane oversende frå NVE viser eit anlegg med middelproduksjon på 98 GWh. Planlagt installert effekt er 32 MW. Eit slikt anlegg vert det største kraftverket i Gloppen og vil styrke inntektsgrunnlaget for mange gardsbruk.

I tillegg til dei utgreiingane som er gjorde ynskjer kommunestyret fylgjande utgreingar:

1. Utgreiing av alternativ plassering av stasjon og utløp ovanfor eller nær Seime bru
2. Alternativt må det kunne dokumenterast på fagleg forsvarleg grunnlag at grunnforholda på elvestrekninga er slik at omsøkt alternativ er det einaste mogelege
3. Det må leggest fram ein plan for transport av tunnelmasse og plan for deponi på land.

Framlegg frå **Hege Lothe (SV)**:

Kommunestyret legg vedtaket frå kultur- og miljøutvalet til grunn for sin uttale.

Framlegg frå **Ragnar Eimhjellen (V)**:

Første avsnitt som i formannskapet si innstilling.

Nytt andre avsnitt skal lyde slik:

Kommunestyret kan på det grunnlaget som no ligg føre ikkje støtte konsesjonssøknaden. Dersom følgjande nye utgreingar blir gjennomførde, vil søknaden kunne bli vurdert annleis:

Punkta som i formannskapet si innstilling.

Etter eit gruppemøte vart det røysta slik:

1. Framlegget frå Hege Lothe: Ei røyst
2. Framlegget frå Ragnar Eimhjellen: Tre røyster
3. Framlegget frå Sjur Atle Austrheim: Fem røyster
4. Formannskapet si innstilling: Samrøystes.

051/11 VEDTAK:

Formannskapet si innstilling vart samrøystes vedteken.